

# Foredrag med Kjell Magnus Økland?



# Innhold/tema: (fullt mogleg å blanda fleire element frå denne lista)

## Oselvar som tradisjonell båt

1. Oselvar – den levande båten – oversyn over Norges Nasjonalbåts søge
2. Den tradisjonelle Oselvaren – utvikling, byggjing og bruk
3. Oselvar – meir enn berre færingar – om seksæringar og andre storleikar
4. Båthandel over Nordsjøen – utførsle av båtar til Vesterhavsoyane
5. Bruk og stell av Oselvaren – tips til rigging, segling, stell og reparasjonar
6. Redningsaksjonen for Oselvaren – å berga ein tradisjonsbåt for framtida

## Oselvaren i nyare tid

7. Regattasegling med Oselvaren – ein av verdas eldste regattaklassar
8. Regattabåten Ola Dilt sin fyrste eigar – Audun Lavik
9. Min båt er så liten og krigen så stor - Oselvaren og andre verdskrigen
10. Kapproing med Oselvaren – frå *folkeforlystelse* på 17. mai til seriøs idrett
11. Kapproingsbåten Svarten – ein ulv i fåreklede
12. Inspirasjonskjelda Oselvar – mange kreative har vorte inspirert av båten
13. Linselusa Oselvar – ein båt som veit å stikke seg fram

## **Innhald/tema: (fullt mogleg å blanda fleire element frå denne lista)**

### Andre tema

14. Den kompetente båtbrukaren – utdøydd eller utegløymt?
15. Norwegian Steam – Norske kappseglarar i America's Cup
16. Jåttseglarane – Tysnesingar i amerikansk seglsport
17. Frå tilje til deckhand – kompetansevandring over Atlanterhavet kring 1900
18. Godøysund – staden med dei mange hamskifta

## **Språk/stil:**

Kjell Magnus Økland (f. 1977) er utdanna cand. mag. frå Universitetet i Bergen med faga kulturvitskap, historie og mediefag. Han har arbeidd som journalist og historikar. Kjell Magnus er oppvaksen på Tysnes i ein sjømannsheim og har sete samanhengande i styre og stell kring Oselvaren som regattabåt sidan 1990. Han har lang røynsle som foredragshaldar i både inn- og utland.

Foredrag kan haldast på norsk, svensk eller engelsk. Innhald, lengde, stil, tempo og språk kan tilpassast etter publikum. Solid sakkunnskap, gode forteljingar og humor er sentrale ingredienser i hans engasjerande foredragsstil.

**Lokale:** Opplegget kan tilpassast dei fleste lokaler, men grunna projektorbruk bør det ikkje sleppe inn for mykje dagslys, td. er dagslys frå taket ugunstig. Dersom det er praktisk mogleg, så er det ein fordel om lokalet kan blendast med gardiner. Treng plass til oppsetjing av lerret og projektor. Projektoren kan óg visa direkte på ein lys vegg.



**Publikum:** Så mange som lokalet tillet. Det må setjast ut stolar til publikum og desse må stå slik at alle kan sjå lerretet. Framme må det lagast til ein liten midtgang slik at projektoren har fri sikt til lerretet. For å unngå uhell bør det vera litt avstand mellom publikum og projektor.

**Tekniske krav:** Straumuttak og to bord. Utøvaren kan stilla med fylgjande tekniske utstyr: prosjektor, lerret, lydutstyr, ledningar og pc. Dette riggar han opp og ned sjølv.


**Tidsbruk:** Utøveren møter fram minst 30 minutt før foredragsstart. Opprigging tar max 20 minutt. Lengda på sjølve foredraget kan tilpassast og vert avtalt på førehand i kvart enkelt tilfelle. Dersom publikum vil ha meir er det enkelt å forlenga med spørsmålsrunde og gode anektdotar. Nedrigging etterpå tar max 15 minutt.

**Honorar:** Arrangør dekkjer kostnadene til utøveren for reise og evt. opphald. Honorar vert avtalt i kvart enkelt tilfelle. Utøvar sender faktura. Betalingsfrist tre veker.

**Sal etterpå:** Etter foredraget kan dei interesserte i publikum få høve til å kjøpa boka *Oselvar – den levande båten* og heftet *Soga om The Norwegian Steam*. Betaling kan skje via kort eller kontant.





L  
e  
r  
r  
e  
t



1,5-3,5 m

Projektor



Lyd inn: frå trådløs mic (bøyle/handholdt) til receiver, via XLR-kabel til lydkort via USB til laptop

Lyd ut: frå laptop via bluetooth til 2x Big Jambox

Bilete: frå laptop via HDMI til projektor til 2,1x2,1 m lerret

Straum: projektor, laptop, harddisk, receiver, lydkort

Batteri: mic (vanleg AA), høgtalar (ladbar)

